



# **STORSTEINRUSTEN**

*Av Knut Raastad, skrivi i 2004*

*I liste over husmannspenger til kyrkja i 1832 er nemnd Peder Knudsen, han var da truleg i Storsteinrusten. Storsteinrusten har og vore nemnd berre som Rusten. I 1822 vart Stenrusten bortbygsla, og i 1826 inngjekk P.Stenrusten forlik med dei bruksberettiga i Nordherad almenning, mot årleg avgift 96 skilling skulle han behalde plassen for seg si og hustrus livstid. Dette vil seia at Storsteinrusten er tilkome før 1822. Peder var son til Knut Pedersen 1741-1813, i 1801 var Knut inderst på Mo eller på ein plass under Mo. Peder 1764-1845 vart i 1807 gift med ei som heitte Kari Jonsdotter f. ca. 1777 d. 1862. Dei hadde barna*

*Guri Pedersdotter f. 1803*

*Kari Pedersdotter 1807-1807*

*Guri vart i 1834 gift med Østen Olsen Kleppeeie 1802-1862. Guri utvandra til Amerika i 1873. Dei hadde barna*

*Peder 1832-1839*

*Ole f. 1834, neste brukar, utvandra til Amerika 1873*

*Kari f. 1837, utvandra til Amerika 1873*

*Peder f. 1840, i Storsteinrusten 1865, utvandra til Amerika 1869*

*Knut f. 1843, i Storsteinrusten 1865*

*I 1865 var Ole Østensen husfar med litt jord i Storsteinrusten. Ole var gift med Mari Pedersdotter Nyrnes f. 1842, og i 1863 budde dei i*

*Nyrnes. Kring 1865 har dei flytta til Storsteinrusten. Ole og Mari hadde barna*

*Mari f. 1863, til Amerika 1873*

*Peder f. 1865, til Amerika 1873*

*Ingrid f. 1868, til Amerika 1873*

*Østen f. 1871, til Amerika 1873*

*Gnr. 98 bnr. 1 Storsteinrusten vart skyldsett i 1871. Ole Østensen fekk kongeskjøte i 1869 (tinglyst 1872) for 70 Spd. I 1873 utvandra familien til Amerika, og Storsteinrusten vart overskjøtt til Johannes Enersvold for 300 Spd. Året etter var det skjøte frå Johannes Enersvold til Ole Olsen Brænden for for 300 Spd. Folketellinga 1875 nemner ikkje Storsteinrusten, og Ole har vel flytta til etter dette.*

*Ola Vetløygard 1841-1927 frå Bøverdalen var gift med Barbro Brenna 1796-1881 frå Bøverdalen, også Ole brukte etternamnet Brenden. Barbro og far til Ola døydde med ei veker mellomrom, det var tøyr og dårleg is slik at det gjekk 14 dagar – 1 månad til dei kom til kyrkja. Det var vanskeleg å vera i Storsteinrusten for Ola i og med at han var mykje borte på arbeid. Ola gifta seg i 1882 oppatt med Ymbjørg Grev 1852-1904, dotter til Sjugurd Grev og Mari frå Trælviken. Dei fekk barna*

*Mari 1891-1978, gift med Ole Resvold 1892-1967*

*Marit 1895-1976, voks opp i Grev etter at mora døydde, gift med Ola Flåten, dei kjøpte*

*Barhaugen*

*Ola og Ymbjør flytte til Lykkja i Ottdalen. Dei selde bruket til Knut Pedersen, kjøpte er frå 1897 og prisen var kr 1200,-. Men Knut og familien har flytta til alt i 1884.*

*Knut Rusten f. 1853-1932 var son til Peder Knutsen Åre f. 1831 (frå Skjellom) og Eli Jakobsdotter Sæterdalen f. 1830 død ca. 1877. Knut vart i 1876 gift med Toline Næpneset 1849-1934, dei budde tidlegare i Langrusten. Dei hadde barna*

*Nils 1875-1945, gift med Ragnhild Klufbakken 1879-1970, budde i Klufbakken*

*Eli 1878-1951, gift med Ola Svaet 1849-1938*

*Marit 1879-1956, gift med Erik Garmo 1869-1916, i sør-Byre*

*Ole 1882-1939, til Amerika i 1914*

*Elias f. 1884, til Amerika, gift med Lene Storøygard 1887-1964*

*Ragnhild f. 1888, til Amerika i 1911*

*Ragnvald 1888-1959, til Amerika i 1911*

*Knut 1890-1940, gift med Olga Skjerringstad 1899-1985*

*Tomas 1892-1960*

*Peder 1894-1965*

*Knut Rusten var snikker og ved folketellinga i 1900 var han midlertidig i Kristiania. Han kjøpte Rustøygarden i Garmo i 1905 og bygde eit bruk der. Familien flytta dit, men skjøte på salg av Storsteinrusten er ikkje før i 1925. Knut og Toline var 1901-1910 bestyrarar på turistforeningshytta Glitterheim som ligg i Lom, dette var grunnen til at dei måtte bu i Lom. Medan Knut Pedersen var i Langrusten kjøpte han Ramsetra i Djupviken frå Tron Eklestuen for kr 160,-. Dette var 1882, og det er uvisst kor lenge setra hadde tilhørt Ulsanden. Setra vart avhenda da Knut flytte til Lom.*

*Hans Sagrusten 1879-1956 var frå Sagrusten i Garmo, han var jernbanearbeidar og gift med Ingeborg Bjørnvolden 1894-1990, Sel. Dei kjøpte Storsteinrusten i 1923, skjøte frå Knut Pedersen til Hans I Rusten for kr 1850,- er som nemnd frå 1925. Husa måtte restaurerast for å kunne bu i, truleg hadde det ikkje budd folk der etter at førre eigaren flytte til Garmo. Familien var med rundt om på anlegga til å begynne med, og ei tid budde dei hjå mora til Ingeborg på Sel. I 1925 flytte dei til Storsteinrusten. Hans og Ingeborg hadde barna*

*Reidar 1912-1914*

*Rønnaug 1914-ca. 1995, gift med Iver Hølmo ca. 1910-1954*

*Marit f. 1915, gift med Elias Sveum 1908-1996, i Moshuset*

*Reidar 1918-1998, gift med Tonny Voilås f. 1918, til Oslo*

*Ingrid 1920-1997, til Oslo ca. 1948*

*Perly 1922-1964, gift med Kristian Storløkken 1912-ca. 1972, på Dombås*

*Inger 1925-2003, gift med Ivar Røvik f. 1925, Stokke i Vestfold*

*Erling f. 1931, gift med Torbjørg Nordgård frå Hurdal f. 1937, bur på Lalm*

*Marit og Elias Sveum budde i Storsteinrusten frå dei gifta seg i 1947 til dei overtok Huse i 1954, dottera Ingeborg f. 1947 budde såleis i*

*Storsteinrusten til ho tok til på skulen. Etter at Hans døydde i 1956 brukte Elias Sveum jorda ei tid og frakta høyet til Moshuset. Ingeborg budde hjå sonen Erling på Oppdal og seinare Lalm, men budde i Rusten heile sommaren. Ho var noko der om vinteren også.*

*Etter at Ingeborg døydde i 1990, vart det skifta i 1993 slik at dottera Ingrid overtok. Etter at ho vart borte i 1997, overtok systerdottera Ruth f. Hølmo f. 1944 i 1998, ho er gift med Ivar Sagsletten. I 1970-åra bygde Inger og Ivar Røvik hytte sør på jordet, Ingrid f. Hølmo f. 1939 og Magne Lysklett som er busette i Klæbu bygde hytte nord på jordet.*

*I 1865 var det i Storsteinrusten 1 ku, 7 sauer og 12 geit, medan det vart sådd ½ tønne bygg, 1 tønne poteter og litt blandingskorn.*

*Kjelder: J.Kolden 2000: Bygdabok for Lom 1, s. 120*

*J,Kolden 2002: Bygdabok for Lom 2, s. 24 og 92*

*P.Ø.Kvarberg 2000: Slechter i Vågå og Lom, s. 20*

*Vera Henriksen 2001: Veodalen, s. 109 og 116*

*M.Lyng/G.Tank 1801/1923: Beskrivelse usolgte almenninger .., s. 160*

*Erik Holø 2004: Årbok 2004: Tron Eklestuen, s. 37*

*Folketelling 1865, 1900*

*Utskrifter kyrkjebok for Vågå*

*Panteregeister/grunnbok*

*Liste over husmannspenger til kyrkja*

*Anna Randen: munnleg fortald*

*Erling Sagrusten: munnleg fortald*

*Lars Rusten: munnleg fortald*